

# **SAKSPAPIR**

Saksnr	Utval	Type	Dato
113/14	Plan- og miljøutvalet	PS	03.09.2014

Saksbehandlar	ArkivsakID
Christian H. Reinshol	14/1912

**Klage på vedtak - Etablering av massedeponi i Mjåsundet, BKK 420 kV kraftleidning  
Mongstad-Kollsnes**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Lindås kommune klager på vedtak av 11.07.2014 om å gje BKK Nett AS konsesjon til å etablere massedeponi i Mjåsundet. Det vert vist til saksutgreiinga og vedlegg for grunngjeving for klaga.

**Plan- og miljøutvalet - 113/14**

**PM - behandling:**

Utfyllande informasjon i saka vart delt ut i møtet.

Rådmannen sitt framlegg vart samråystes vedteke.

**PM - vedtak:**

Lindås kommune klager på vedtak av 11.07.2014 om å gje BKK Nett AS konsesjon til å etablere massedeponi i Mjåsundet. Det vert vist til saksutgreiinga og vedlegg for grunngjeving for klaga.

**Saksopplysningar:**

**Politisk handsaming**

Saka skal avgjerast i Plan- og miljøutvalet

**Bakgrunn**

NVE fatta vedtak den 11.07.2014 om å gje konsesjon til BKK Nett AS til å etablere massedeponi ved

landfallet i Mjåsundet i Lindås kommune i samband med etableringa av 420 kV kraftlinja mellom Mongstad og Kollsnes. Grunna ferieavviklinga og at kommunen ikkje fekk forlenga klagefristen til dato for første politiske møte etter ferien har administrasjonen vald å sende inn klage på vedtaket på bakgrunn av innstillinga som vart vedteke i samband med høyringsuttalen. Kommunen har vidare fått frist til 5. september til å ettersende meir bakgrunnsinformasjon knytt til klagen. På bakgrunn av ferieavviklinga og skrivefrist til politiske møter, har ikkje administrasjonen høve til å utarbeide dette klagegrunnlaget innan skrivefristen for politiske saker, og vil orientere grundegare om bakgrunnen i møtet.

## Vurdering

Under er innhaldet i klagebrevet som vart sendt NVE gjengitt:

*Me viser til vedtak knytt til etablering av massedeponi i Mjåsundet i samband med etablering av 420 kV kraftlinja mellom Mongstad og Kollsnes og elles korrespondanse i saka.*

*Lindås kommune vil med dette klage på konsesjonsvedtaket datert 11.07.2014 som gjer løyve til etablering av massedeponi ved landfallet i Mjåsundet i Lindås kommune. Grunnlaget for klaga er mellom anna at kommunen mellom anna meiner at dei aktuelle massane må kunne nyttast til andre føremål i området, til dømes etablering av flystripe. Kommunen meiner at alternativ plassering av massane ikke er godt nok utgreidd og at plassering av masser i deponi kun må vere ein siste utweg dersom ein ikkje finn alternative løysingar for plassering. Omsynet til strandsona og kommunen sitt arbeid med massehandtering i området er andre argument for at ein ikkje ynskjer massedeponiet i området.*

*Denne klagen er framsett av administrasjonen og kommunen vil kome tilbake med meir grunngjeving for klagen i samband med at me vil presentere saka for politisk utval (plan- og miljøutvalet) den 3. september. Avhengig av utfallet i det politiske utvalet vil mei så fall sende over ytterlegare grunngjeving eller trekke klaga innan fristen 5. september.*

Som det går fram av klagen, skal plan- og miljøutvalet ta stilling til om ein skal fremja klagen eller om denne skal trekkjast. Administrasjonen vilsom tidlegare nemnt kome tilbake med grundigare grunngjeving for klagen i møtet.